



Frå medaljeoverrekkinga: Frå venstre Bjørn Naterstad, Sindre Aksnes, Stian S. Myklebust og Lene S. Myklebust. (Foto: Thor Inge Døssland)

Det var imponerende frammøte då skulemusikken arrangerte den årvisse basaren sin søndag ettermiddag. Trass i det strålende vårveret var salen i Helgheim heilt fullsett då arrangørane ønskte velkommen. Dette er eit eksempel på den gode støtta skulemusikken har hos bygdefolket

Imponerte gjorde og musikantane då dei spela til opning. Dirigenten for korpset, Anders Christensen, hadde lagt lista ganske så høgt i programvalet, men det viste seg at han traff godt! Korpset presenterte ein halv time med ei krevjande og variert konsertavdeling. Her fekk ein høyre folkemusikkinspirert musikk, originalskriven brassbandmusikk, filmmusikk og kjente slagerar i gode, velskrivne korpsarrangement. Eit komplett konsertprogram! Dei knapt 20 musikarane kom svært godt frå framføringa.

Korpset er no ei fin blanding av unge og framadstormande musikarar og flinke erfarne medlemmer. Dei utfyller kvarandre svært godt. Rekrutteringa er og bra. Inneverande år er det 7 aspirantar, medan det var 6 på aspirantmøtet med tanke på neste sesong. Det er grunn til å vera stolte av korpset, for det er slett ikkje alle bygder på Uskedalen sin storleik som har eigne skulekorps lenger.

Fire av musikarane vart tildelt medalje for års innsats. Slagverkarane Stian S. Myklebust og Sindre Aksnes fekk medalje for høvesvis 5 og 3 års medlemskap, medan Lene S. Myklebust (euphonium) og Bjørn Naterstad (trombone) vart tildelt medalje for 7 års innsats i Uskedal skulemusikk sine rekkjer. Sistnemnde, som og er aktiv i Rosendal skulekorps, kan til saman sjå tilbake på heile 10 år som aktiv medlem i NMF. Slikt er særst verdfullt for eit lokalt skulekorps!

- Musikk er ein kunst som tar tid å lære. Derfor er det viktig at ein er tolmodig og er aktiv gjennom fleire år. Opplevingane som aktiv musikal vert større di lengre tid ein held på, sa mellom anna Thor Inge Døssland under medaljeutdelinga. Etter dette høgtidelege innslaget var det klart for sjølve basaren.

Basarnemnda kunne visa til eit imponerende og rikholdig gevinstbord. Dei takka både firma og privatpersonar for at dei hadde vore såause til å gje gåver. Etter fire åreomgangar og sal av lodd på talongbøker, vart gevinstane på bøkene som hadde vore selt på førehand trekt. Då var gjevinstbordet tømt, medan dei fleste hadde opplevd vinnarlykka i ullt monn. Nokre måtte ta fleire turar ut i bilen for å få alt med seg. Etter at førehandssalet hadde passert 25.000 kroner, er nok også det økonomiske resultatet for korpset svært godt.

Innimellom loddtrekking og spenning var det tid til kaffipause. Då vanka det kaffi og utallige variantar av gode kaker. Velfortent og gratis til alle dei gode loddkjøparane. Jau, dette var god gammaldags basarstemning. Dei fekk seg ei flott og koseleg stund dei som tok turen til Helgheim i vårsola søndag.

Basarnemnda som har hovudæra for det flotte arrangementet var samansett av Gro Hjelmeland, Anne K. Rørheim, Elin Enes og Anne Jorunn Kjærland.

Neste gang ein kan høyre skulemusikken spela, er lørdag 8.mai på eit arrangement i regi av Helselaget.

Av Thor Inge Døssland